



ORDEN OG ÅTFERD - ÅHEIM SKULE

MÅL:

I Vanylven skal barn og unge vekse opp i tryggleik og trivsel. Med tid og omsorg skal dei ta til seg kunnskap, lære om livet, og verte gode medmenneske.

Åheim skule skal vere ein stad der det er godt å vere og godt å lære. Skulen skal såleis vere ein god arbeidsplass for alle på skulen. Skal vi kunne gjere arbeidet vårt skikkelig, må vi ta omsyn til og vise respekt for kvarandre, og saman gå inn for å halde orden både i våre eigne saker og i det vi har felles.

KVAR GJELD REGLANE VÅRE?

Ordens- og åtferdsreglane gjeld i skuletida og SFO-tida, på veg til og frå skulen og på tilstellingar og turar som skulen står føre.

VIKTIGE FELLESREGLAR

- Vi viser respekt for alle rundt oss både i ord og handling, og har ein språkbruk som syner respekt for medelevar og personale.
- Vi viser respekt for skulen og andre sine eigedelar.
- Vi møter opplagde og presis til timane og medverkar til at det er gode arbeidsforhold for elevar og lærarar.
- Vi møter førebudde til timane, har utført arbeid og har med utstyr.
- Vi brukar datamaskin, mobiltelefon, o.a. elektronisk utstyr etter avtalte reglar.
- Vi henger ytterklede, inkludert hovudplagg, frå oss i gangen.
- Vi har inneaktivitetar i friminutta etter oppsett avtale.
- Vi må ha løyve frå eigen kontaktlærer eller administrasjon for å forlate skulen sitt område.
- Vi brukar ikkje rusmiddel, tobakk og snus i skulen eller på skulen sitt område.
- Vi brukar ikkje sykkel, rullebrett, rulleskøyter og liknande på skuleområdet i skule- og SFO-tida (07.20-16.30).
- Vi tek ikkje med farlege ting som t.d. kniv og fyrstikker.
- Snøballkasting skal kun skje mot tilvist blink.
- Snop, brus, o.l. er berre tillate ved særskilte arrangement, etter avtale.

REGLAR FOR TRINNA

Kvart trinn lagar reglar som er tenlege for dei. Teammøtet vedtek desse reglane.

BROT PÅ REGLANE

Desse reglane vert brukte ved Åheim skule:

1. Elevar må erstatte eller vere med på å reparere bøker/materiell han/ho har vore med på å øydelegge. Reparasjon bør skje utanom skuletida.
2. Mobiltelefon blir inndregen om den blir brukt utanom oppsette reglar i skuletida. Eleven hentar denne hos administrasjonen, i lag med skriftleg melding til heimen, når skuledagen er slutt.
3. Elevar kan takast ut av gruppa eller bytte klasse for kortare eller lengre tid.
4. Ved grove brot på ordensreglane kan rektor, i samråd med lærar, vise ein elev ut av skulen i inntil ein dag for elevar i 1.-7.kl og inntil 3 dagar for elevar i 8.-10.kl. Dei føresette skal varslast.
5. I spesielle tilfelle kan skulen utelukke/ekskludere elevar frå turar.
6. Brot på ordensreglane kan føre til nedsett karakter i orden og/eller åtfærd.



Ordens- og åtferdsreglane bør drøftast kvart år og skal gjerast kjende for elevane og foreldra.

Vurdering av orden og åtferd

Karakterar i orden og i åtferd

- Ved fastsetjinga av **karakter i orden** tek ein omsyn til om eleven viser vanleg god arbeidsinnsats og til korleis eleven følgjer ordensreglane som er fastsette for kvar skule. Ugyldig fråvær kan føre til nedsett karakter i orden.
- Ved fastsetjinga av **karakter i åtferd** tek ein omsyn til korleis eleven ter seg på skuleområdet og elles når skulen har ansvaret for tilsynet med elevane. Ein skal særleg leggje vekt på korleis eleven ter seg mot andre elevar, lærarar og andre tilsette. Ein kan også ta omsyn til korleis elevane ter seg mot kvarandre på skulevegen og til korleis eleven følgjer ordensreglane som er fastsette for kvar skule.
- Den vurderinga skulen gir i orden og i åtferd, skal haldast skild frå vurderinga av dei reint faglege prestasjonane.
- Ein skal ta omsyn til eleven sine føresetnader, og til vanleg ikkje leggje avgjerande vekt på enkelthendingar. Hovudgrunnlaget for fastsetjing av standpunktkarakterar i orden og i åtferd skal vere orden og åtferd hos eleven det siste halve skuleåret.
- Karakterane i orden og åtferd skal settast etter drøfting i klasselærarmøte.

Vurdering av orden

Grunnar til nedsett ordenskarakter kan t.d. vere:

- Ugyldig fråvær
- Å kome for seint til undervisning
- Dårlig arbeidsinnsats
- For sein levering/ikkje innlevert arbeid
- Dårlig orden i skriftleg arbeid/arbeidsbøker
- Uforsvarleg bruk og stell av maskiner og utstyr
- Dårlig orden på arbeidsplass, i klasserom og på skulen sitt fellesområde
- Gløyming av skulebøker, skulearbeid, manglar utstyr

Vurdering av åtferd

Grunnar til nedsett åtferdskarakter kan t.d. vere:

- Uro i timane og mangel på respekt
- Ikkje rette seg etter tilsnakk
- Grov språkbruk mot medelevar eller personale
- Mobbing eller dårlig oppførsel overfor andre
- Dårlig oppførsel på skuleveg eller på aktivitetar i skulen sin regi
- Røyking, snusing og bruk av andre rusmiddel på skulen sitt område
- Juks på prøver og anna arbeid som skal vurderast/setjast karakter på
- Levering av falske meldingar/opplysningar
- Bruk av datamaskin, mobiltelefon og liknande som ikkje er i samsvar med skulen sine reglar, eller tilvist bruk av lærar
- Hærverk på utstyr og/eller skulen sin eigedom
- Andre brot på skulen sine reglement